



## ØRSTA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ørsta kontrollutval  
**Møtestad:** Møterom «Vatnevatnet», Ørsta rådhus  
**Dato:** 21.09.2017  
**Møtet starta** Kl. 08.00  
**Møtet slutta** Kl. 08.20

#### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Svein Castberg	Leiar
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar
Peder Slenes	Medlem
Stina Aasen Lødemel	Medlem

#### Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Kari Janne Myklebust	Medlem

#### Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Bjørn Støylen	Kari Janne Myklebust

#### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

#### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
------	----------

#### Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling
------	----------

## SAKLISTE

Sak nr	Tittel	Arkivkode	
45/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	033	
46/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	049	
47/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	033&58	
48/17	Habilitet – Legene	042	

## **SAK 45/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med kontrollutvalsleiar vart vald Peder Slenes.

## **SAK 46/17 GODKJENNING MØTEPROTOKOLL SISTE MØTE.**

### **Samrøystes vedtak**

Møteprotokollen frå møtet 05.09.2017 vart godkjent.

### **Vedlegg**

Møteprotokoll frå møtet 05.09.2017.

## **SAK 47/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

### **Saksopplysning**

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

### Møteprotokollar til gjennomgang:

Formannskapet	<b>05.09</b>	<b>18.09</b>
Samfunnsutvalet	<b>29.08</b>	
Landbruksnemnda	<b>05.09</b>	
Eldrerådet	<b>07.09</b>	
Råd for likestilling av funksjonshemma	<b>04.09</b>	

## **SAK 48/17 HABILITET – LEGENE**

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet meiner at leiar i samfunnsutvalet og kommunestyremedlem Inge Kolås har vore ugild til å ha vore med å førebu og å treffe avgjerder som gjeld bustadfeltet Legene på Åmås i tidsromet mars 2013 til desember 2016.
2. Kontrollutvalet meiner det er viktig for kommunen sitt omdøme at politikarar nøye vurderer sin habilitet i saker dei får til behandling og avgjerd.
3. Kontrollutvalet oppmodar Samfunnsutvalet til å ha særskild fokus på habilitetsreglane.

### **Vedlegg**

Advokat Kjetil Kvammen – notat av 18.09.2017 med 11 vedlegg.

## **Saksopplysning**

Vest kontroll har fått advokat Kvammen til å utgreie spørsmålet om Inge Kolås sin habilitet i samband med Legene bustadfelt. Dette fordi Kolås kan ha hatt og kan ha interesse i utbygginga, samtidig som han i førre og inneverande valperiode har vore leiar av Samfunnsutvalet. Har er også medlem av kommunestyret.

Når det gjeld utgreiing av saka elles viser eg den fyldige utgreiinga i notat frå advokat Kvammen, som eg er samd i.

Konklusjon frå advokaten:

I tidsrommet mars 2013 – desember 2016 må Inge Kolås seiast å ha vore inhabil til å førebu og treffe kommunale avgjersler som gjeld bustadfeltet Legene på Åmås, jf. forvaltningslova § 16 andre lekk.

.....

Kontrollutvalet har merka seg at dette er andre gongen i løpet 6 månader dei har opp sak som går på habilitet og god forvaltningsskikk (Osgeilsaka) der Samfunnsutvalet var sterkt i involvert. I den saka var det avdekka svært uheldig eksempel på at habilitetsreglane ikkje vart respektert.

**Møtet slutt.**

Sven Castberg

- leiar -

Peder Slenes

- medlem-

**Møteprotokollen går til:**

**Kommunestyret** som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordførar til orientering.  
Rådmann til orientering.  
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.